

**Arkiv:** FA-U01  
**JournalpostID:** <jplD> 20/41756  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 30.06.2020

Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg                              | Møtedato   |
|---------|-------------------------------------|------------|
| 057/20  | Utval for næringsutvikling og drift | 07.07.2020 |

## Søknad om tilskot til næringsfondet – Reklamehuset Produksjon as - Profesjonalisering av Reklamehuset

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Reklamehuset Produksjon as mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune

### Utval for næringsutvikling og drift 07.07.2020:

#### Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### ND- 057/20 Vedtak:

Søknaden frå Reklamehuset Produksjon as mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i i Utval for næringsutvikling og drift

#### Bakgrunn

Reklamehuset Produksjon as er eit produksjonsselskap som er etablert i 1998 og har 12 tilsette.

#### Saksopplysningar:

##### Om prosjektet

Reklamehuset Produksjon as ynskjer å kjøpe og bruke eit moderne crm-system, og bygge opp elektronisk kundedatabase for å bli meir effektiv.

##### Prosjektleveranse/Målsetting

Søkjjar har no kapasitet og kompetanse til å ta betydeleg større marknadsandelar, som vil krevje ein meir profesjonell bruk av marknadsføringsverktøy og systematisk sal og salstøtte.

Søkjjar har følgjande forventningar til prosjektet:

1. Aktivt sal mot nye kundar, skal registrerast i systemet.
2. Alle førespurnader til Reklamehuset skal registrerast og systematiserast.
3. Kampanjar og marknadsføring i crm
4. Bygge og forvalte eit kunderegister.

Reklamehuset Produksjon as søker midlar for 1 år.

### Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak systematisering av kundregistrering gjennom innkjøp av utstyr, dette er i samsvar med vedtektene sitt pkt.4.2.
- Samtidig vurderast delar av prosjektet å vere ordinær drift. Stønad skal ikkje nyttast til ordinær drift jfr. Pkt.4.4.
- Søkjar starta eit profesjonaliseringsprosjekt i 2019; (1) Nye lokaler, (2) modernisering maskinpark, (3) kompetanseheving, og (4) utviding av arbeidsplassar. Lindås kommune støtta trinn 1 med kr. 150.000. FO sak 012/19, og trinn (2) med kr. 150.000. FO sak 036/19.
- Dette prosjektet vurderast å ha lågare grad av sysselsettingseffekt.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

### **Vedlegg i saka:**

|            |   |         |
|------------|---|---------|
| 30.06.2020 | 19 Reklamehuset_søknad_27apr 2020             | 1415610 |
| 30.06.2020 | 19 Reklamehuset_Søknad_Vedlegg crm_27apr 2020 | 1415611 |